

Høyring av strategi for ÅRIM – oppsummering av innkomne merknader

Saksbehandling

Representantskapet vedtok 28. oktober 2016 følgjande: «Representantskapet legg forslag til strategi for ÅRIM ut til offentlig ettersyn, med høyringsfrist 20. februar 2017.»

Saka blei sendt ut til eigarkommunane og andre berørte aktørar. Strategien blei også lagt ut på ÅRIM sine heimesider slik at alle interesserte fekk høve til å uttale seg.

Innhaldet i høyringsutkastet

Høyringsutkastet til strategi hadde fem hovudsatsingsområde med til saman ti tiltak:

Hovudsatsingsområde 1: Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk – ny kjeldesorteringsløysing for ÅRIM

- Tiltak 1: Innføre henteordning for matavfall
- Tiltak 2: Innføre henteordning for glas- og metallemballasje
- Tiltak 3: Finne behandlingsløysing for matavfall
- Tiltak 4: Ettersortering av restavfall for å utvinne fleire ressursar

Hovudsatsingsområde 2: Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø

- Tiltak 5: Meir av avfallet må under bakken

Hovudsatsingsområde 3: Mindre avfall – meir til gjenbruk

- Tiltak 6: Etablering av tilbod om levering av produkt til gjenbruk på miljøstasjonane
- Tiltak 7: Tiltak mot marin forsøpling

Hovudsatsingsområde 4: Betre kommunikasjon

- Tiltak 8: Informasjon om ny kjeldesorteringsløysing i ÅRIM
- Tiltak 9: Haldningsskapande arbeid, særleg mot barn og unge, samt påvirke til avfallsreduksjon

Hovudsatsingsområdeområde 5: Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon

- Tiltak 10: Redusere dobbeltarbeidet

Innkomne fråsegner

Per 15. mars 2017 har ÅRIM fått innspel frå elleve av dei tolv eigarkommunane:

Innspel	Dato	Avsendar
1.	2. februar 2017	Sandøy kommunestyre
Sandøy kommune støttar strategien til ÅRIM for 2017-2025.		
2.	6. februar 2017	Sykkylven kommunestyre
<p>Sykkylven kommune meiner at strategien ÅRIM har lagt ut på høyring er ambisiøs og framtidsretta. Den vert eit overordna styringsdokument å arbeide etter fram mot 2025 for å nå måla om meir avfall til gjenvinning og meir gjenbruk.</p> <p>Sykkylven kommune ber ÅRIM særskild vurdere storleiken på dunkar til innsamling av matavfall og frekvens for tømning av desse. Det skal også leggest til rette for særskilt innsamling av glas og metallavfall i den einskilde husstand.</p> <p>Ein ynskjer også trekke fram tiltak mot marin forøpling som svært positivt. Dette er ei internasjonal stor utfordring som er viktig å gjere noko med også her lokalt og regionalt.</p>		
3.	8. februar 2017	Stordal formannskap
<p>Stordal formannskap vedtek høyringsuttale til Strategi for ÅRIM i samsvar med det som går fram av vurderinga i saka:</p> <p>Stordal kommune meiner Strategiplanen for perioden 2017 – 2015 er god. Dokumentet gir på ein oversiktleg måte både ein presentasjon av kva som er dei største utfordringane innan avfallssektoren, og kva for tiltak som kan vere mest føremålstenlege for å kunne nå dei nasjonale og internasjonale måla innan avfallssektoren.</p> <p>Eitt av hovudsatsingsområda i strategien er at meir avfall skal gjenvinnast og gjenbrukast. Skal dette lykkast, meiner ÅRIM at fråsortering av matavfall er eit naudsynt tiltak. Stordal kommune sluttar seg til den vurderinga og til framlegget om å innføre ei ordning der matavfall vert sortert ut. Det er ingen grunn som skulle tilseie at vårt område skulle ligge lågast på skalaen når det gjeld sortering av avfall, og det er såleis på tide at ei slik sorteringsordning vert innført også for ÅRIM sine abonnentar.</p> <p>Stordal kommune sluttar seg også til ÅRIM sin intensjon om å samarbeide med andre aktørar med tanke på å utnytte matavfallet som ein ressurs, til dømes ved å produsere biogass. Vi registrerer at der kan vere ulikt syn på om biogassproduksjon er det mest kostnadseffektive, men meiner likevel at ÅRIM, saman med andre renovasjonsverk skal vurdere ei slik løysing, slik det vert skissert i strategiplanen.</p> <p>Å kjeldesortere avfallet er ein ting, noko anna er tiltak som kan redusere avfallsmengda. I følgje strategidokumentet, vert det i vårt område kasta mellom 90 – 100 kilo matavfall pr innbyggjar pr år. Det tilseier at tiltak som kan redusere mengda mat som vert kasta, også må vere eit svært viktig tiltak. Ein ser i dag tiltak innan daglegvarebransjen som reduserer at mat vert kasta, til dømes sal av matvarer til reduserte prisar, at matvarer vert gitt bort osv. Stordal kommune vil oppmode ÅRIM å vurdere om der er initiativ selskapet kan ta overfør</p>		

Innspel	Dato	Avsendar
<p>aktuelle aktørar, tiltak som kan bidra til at mengda mat som vert til avfall kan bli redusert. Påverke matvarebransjen til mindre forpakningar kunne vere eitt slik tiltak.</p> <p>I strategiplanen vart det også foreslått ei henteordning for glas og metall. Denne ordninga vil avløyse dagens ordning der glas og metall vert levert i utplasserte containarar. Erfaring tilseier at dersom ein skal få hushaldningane til å vere konsekvente i å sortere avfall, så må det praktisk leggast godt til rette. At glas og metall vert henta heime hos abonnenten, vil dermed truleg auke sorterings- og gjenvinningsgraden av glas og metall – samanlikna med eksisterande ordning. Vi støttar innføring av ei henteordning.</p> <p>Stordal kommune stiller derimot eit spørsmål ved behovet for at ÅRIM skal bruke midlar til utarbeiding av opplæringsopplegg retta mot barn og unge. Ikkje fordi dette ikkje er viktig, men fordi vi meier dette alt er tatt godt i vare gjennom læreplanar, lærebøker og undervisningsopplegg som alt finst.</p>		
4.	9. februar 2017	Giske kommunestyre
<p>Giske kommunestyre støttar fullt ut strategien for ÅRIM 2017 – 2025 og gjennomføring og etablering av tiltaka i alle 5 hovudsatsingsområdar nemnde i plandokumentet.</p>		
5.	9. februar 2017	Sula kommunestyre
<p>Sula kommune ser det verdifulle i å fokusere på minka avfallsmengder samt gjenbruk av det avfallet som oppstår. Kommunen stiller seg bak den nasjonale føringa og er positiv til ein grønnare, sirkulær økonomi.</p> <p>Når det gjeld implementeringa av auka mengde fraksjoner er det viktig at dette vert gjort på ein slik måte at innbyggjarane opplever overgangen som positiv. Det er særleg viktig at talet på og mengda av fraksjonar ikkje bidrar til forringing av folk sitt uteområde og/eller forvirring rundt renovasjonsordninga med etablering av parallelle løysingar.</p> <p>Dersom det er miljømessig praktisk og økonomisk hensiktsmessig å iverksetje utskilling av våtorganisk avfall, kan Sula kommune vurdere å innføre dette før det kjem eit nasjonalt pålegg. Avfallshandtering generelt bør utøvast mest mogleg i samvirke med dei andre etablerte avfallsannlegga i regionen.</p> <p>Når det gjeld oppsamling og rydding i fjøra av organisasjonar o.l., må ÅRIM gå breidt ut og informere om dette til alle slik at eigarkommunene får likt tilbod. Satsing på marin opprydding i stor målestokk ser vi ikkje på som ei av ÅRIM sine oppgåver per i dag.</p> <p>Planlegging av nedgravde avfallssystem ser vi på som positivt for områder med konsentrert bebyggelse til dømes blokker, rekkehus o.l. Likeledes kan gode insentiv for felles samledunker i disse bumiljøa være berikande.</p> <p>Sula kommune ønskjer at ÅRIM går i dialog med dei andre regionale interkommunale renovasjonsselskapa som VØR og SSR, med sikte på å etablere eit større regionalt renovasjonssamarbeid. Det vil gjere det enklare å etablere regionale løysingar for sortering og materialgjenvinning samtidig som ein bidreg til lokale arbeidsplassar og verdiskaping.</p>		

Innspel	Dato	Avsendar
6.	9. februar 2017	Haram kommunestyre
<p>Haram kommune meiner ÅRIM ikkje bør innføre henteordning for matavfall slik det er skissert i strategidokument. Fyrst må ein få på plass miljø og kostnadseffektive gjenvinningsløysingar i Møre og Romsdal før ein innfører henteordning på matavfall. Største potensiale i matavfall er å få innbyggjarane til å kaste mindre mat, det er der den store miljøgevinsten ligg.</p>		
7.	13. februar 2017	Stranda formannskap
<p>Stranda kommune er godt nøgd med at ÅRIM har utarbeidd strategi 2017-2025, men vil kome med desse kommentarane:</p> <p>Hovudmål 1:</p> <p>Prinsippet om lik kostnad for alle abonnentar må vere ein klar føresetnad for innsamling av matavfall og nytte det til biogass og biogjødsel. Sjølv om meir skal sorterast og gjenvinnast må ein vere svært bevisst på å halde kostnadane nede.</p> <p>Hovudmål 2:</p> <p>Plassering av oppsamlingseiningar for avfall under jorda er positivt, og for Stranda kan dette vere aktuelt i sentrum av Stranda, Hellesylt, Geiranger og Liabygda, samt i tett utbygde bustad- og hytteområde.</p> <p>Hovudmål 3:</p> <p>Dersom ÅRIM skal drive meir aktiv bytte- og salstilbod i eigenregi må ein ha fokus på økonomi og vurdere nøye kvar slike butikkar skal etablerast og korleis logistikken vert lagt opp.</p> <p>Når det gjeld støtte som ÅRIM kan gi til privatpersonar, lag og organisasjonar for å rydde i naturen (spesielt strandsona) rundt seg må dette i tilfelle gjerast godt kjent slik at alle i eigarkommunane kan nytte seg av desse midlane. Kan ein her tenkje seg at avfall innsamla på denne måten kan leverast gratis til ÅRIM, uavhengig av kven som er initiativtakar til innsamlinga?</p> <p>Hovudmål 4:</p> <p>Skal ein få til haldningsendringar er nok etablering av læringsarena i samarbeid med skulen rette vegen å gå. Sjølv om det kostar ein del vil nok fellesskapet tene på det i det lange løp.</p> <p>Hovudmål 5:</p> <p>ÅRIM meiner her at det skjer ei stor grad av dobbeltarbeid mellom kommunane og ÅRIM som gir unødvendig store kostnader. Ein del av punkta dei listar opp gir nok ei viss grad av dobbeltarbeid, men truleg ikkje i den grad det vert framstilt her. At faktura for renovasjon kjem frå kommunen medfører ikkje særleg med ekstraarbeid (stort sett ei filoverføring) – men gir samstundes ei betre oversikt for kommunen som sender ut faktura for resten av tenestene. Forvaltning av avtale om behandling av avfall kan vel gjerast enklare og meir overførast frå kommunen til ÅRIM. Opprydding langs gater, i friområde og strender kan</p>		

Innspel	Dato	Avsendar
<p>ved samordning verte meir effektivt – men også gi utfordringar med omsyn til synergiane ein i dag har med veg- og parkvedlikehald. Når det gjeld etterdrift og kontroll av avfalldeponi er dette no ein liten kostnad – men vi leiger i dag både til analyse av utteken prøve og vurdering av resultatet. Når ÅRIM også dreg inn forslag til plikt om å ha oversikt over vassforsyningsanlegg peikar det endå meir i retning av at ÅRIM ynskjer å ta over ansvar, oppgåver og arbeid som i dag ligg til kvar enkelt kommune. Her bør ein tenkje seg vel om og gjere nøye vurderingar før ein gir frå seg fleire oppgåver. Aktiviteten i kvar kommune vert då redusert og ein får endå meir sentralisering av oppgåvene.</p>		
8.	16. februar 2017	Vestnes kommunestyre
<i>Tiltak</i>	<i>Beskrivelse</i>	<i>Vedtak</i>
1	Innføre henteordning for matavfall	<p>a) Vil ikkje tilrå å innføre dette tiltaket no. Vil avvende internasjonale vedtak og vidare Klima og miljødepartementet/Miljødepartementet si implementering av desse i nasjonale vedtekter.</p> <p>b) For å nå måla vil vi utfordre ÅRIM om å definere tiltak som motiverer til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - mindre matsvinn - auka grad av heimekompostering - auka utsortering både i hushald og næring, før vi ev. får nasjonale føringar om å sette i verk ei slik ordning (jamfør a)
2	Innføre henteordning for glas- og metallemballasje	<p>Skal ikkje innførast, som henteordning, før eventuelt tiltak 1 vert innført, dette av kostnadshensyn.</p> <p>Oppfordre til auka grad av utsortering og levering ved hentepunkt.</p>
3	Finne behandlingsløysing for matavfall	Må arbeidast med slik at ÅRIM er budd, når tiltak 1 vert sett i verk.
4	Ettersortering av restavfall for å utvinne fleire ressursar	Støttar framlegget
5	Meir av avfallet må under bakken	Dette passar best for tettbebyggelse/bymessige områder
6	Etablering av tilbod om levering av produkt til gjenbruk på miljøstasjonane	Støttar framlegget

Innspel	Dato	Avsendar
7	Tiltak mot marin forsøpling	Støttar framlegget
8	Informasjon om ny kjeldesorteringsløysing i ÅRIM	Når det er behov for det, og dersom dette kan falle inn under budsjett for punkt 9
9	Haldningsskapande arbeid, særleg mot barn og unge	Støttar framlegget
9.	16. februar 2017	Norddal kommunestyre
<p>Kommunestyret vil på generelt grunnlag uttale at strategien er offensiv og målretta og fangar opp viktige miljømål og miljøføringar i samfunnsdebatten. Kommunestyret har ingen avvikande synspunkt på forslaget når det gjeld satsingsområde 2-5. Under satsingsområde 1 – Meir materialgjenvinning og gjenbruk, foreslår ÅRIM at ein skal innføre ei ny kjeldesorteringsløysing, inklusive kjeldesortering av matavfall. Dette er grunnlagt med at ÅRIM sine prestasjonar er svake sett i ein nasjonal samanheng.</p> <p>Norddal kommunestyret er sterkt i tvil om tida er moden for innføring av kjeldesortering av matavfall. P.t. finst det ikkje eit nasjonalt pålegg om ei slik ordning. Ei eventuell innføring vil føre til auka gebyr og til fleire avfallsfraksjonar som krev meir plass, større krav til logistikk og nye innsamlingsrutiner. Mange abonnentar føler at ordninga med sentralisert innsamling alt har blitt svært kostbar og kan kome til å reagere negativt på ytterlegare påslag på rekninga. Vidare er kommunen som medeigar i Tafjord kraftselskap og medeigar i forbrenningsanlegget på Grautneset som i dag fungerer godt og som er avhengig av eit visst volum for å ha balanse i drifta. Dersom ÅRIM bestemmer seg for å skilje ut matavfall, vil det bli behov for å etablere regionale anlegg for behandling av våtorganisk avfall. Det vil vere nok eit kostnadsdrivande tiltak som kan må betalast med høgare gebyr.</p> <p>Etter ei samla vurdering av både økonomiske og miljømessige aspekt, meiner Norddal kommunestyre at ÅRIM skal vente med innføring av kjeldesortering av matavfall til det eventuelt kjem eit nasjonalt pålegg om ei slik ordning – eller til konsekvensane for «konkurrerende anlegg» er betre kartlagde.</p>		
10.	23. februar 2017	Ørskog kommunestyre
<p>Ørskog kommunestyre støttar strategien for ÅRIM 2017 – 2025.</p> <p>Ørskog kommune sier seg i all hovudsak enig i strategien til ÅRIM, men vil peke på strategimål 3 hvor vi mener det bør legges stor vekt på å bistå, og på sikt ta over kommunenes oppgaver innen gate / friluftrenovasjon og marin forsøpling. Det bør også så snart som mulig legges til rette for at lokale innsamlinger av avfall kan få deponere innsamlet avfall gratis. (For eksempel fjøreryddinger, sentrumsrydding til 17-mai).</p>		

Innspel	Dato	Avsendar
11.	9. mars 2017	Ålesund bystyre.
<p>1. Ålesund kommune stiller seg i alt vesentlig grad bak strategidokumentet frå ÅRIM slik det er presentert i Strategi 2017 – 2025.</p> <p>a. Tilbodet til innbyggjarane bør vidareutviklast for å sikre at det er i samsvar med nasjonale og lokale miljømål</p> <p>b. Det er ei klar målsetting å redusere avfallsmengda og auke graden av gjenbruk</p> <p>c. Det bør arbeidast vidare i dialog mellom ÅRIM og eigarkommunane for å redusere dobbeltarbeid og effektivisere avfallshandteringa i kommunane.</p> <p>2. Så snart nye Ålesund er etablert vil ein komme tilbake til ei ny vurdering når det gjeld overføring av ansvar til ÅRIM også for innhenting av næringsavfall innanfor nye Ålesund kommune sine grenser. Her må det takast omsyn til gjeldande regelverk, effektivitet og lønsemd.</p> <p>3. For å nå strategimåla som elles er presentert i dokumentet stiller Ålesund kommune seg bak fylgjande tiltak i løpet av perioden:</p> <p>a. Finne framtidretta behandlingsløysing for matavfall og innføre henteordning for matavfall</p> <p>b. Innføre henteordning for glas og metallemballasje i tillegg til den metallgjenvinninga av aske frå TK Kraftvarme, som skjer i Ålesund kommune sin regi på Bingsa.</p> <p>c. Utreie ettersortering av restavfall for å utvinne fleire ressursar</p> <p>d. Samarbeide med kommunane for å etablere fleire renovasjonsløysingar under bakken</p> <p>e. Etablere tilbod om levering av gjenstander til gjenbruk på miljøstasjonane</p> <p>f. Samarbeide med eigarkommunane og andre aktørar som Sunnmøre Friluftsråd for å redusere marin forsøpling i nærområda</p> <p>g. Vidareutvikle kommunikasjonen med innbyggjarane om avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenbruk. Legge vekt på haldningsskapande arbeid særleg retta mot barn og unge</p>		

Skodje kommunestyre behandlar saken i sitt møte 22. mars 2017. Fråsegna vil bli tilgjengeleg på www.arim.no.

Vidare har ÅRIM fått følgjande innspel frå andre:

Innspel	Dato	Avsendar	Kommentarar
1.	4. november 2016	Svein Ottar Sandal, Nordjord Miljøverk IKS (NoMIL)	<ul style="list-style-type: none"> - NoMil har hatt utsortering av matavfall sidan 2006 og vil frå 2017 innføre henting av glas og metall frå alle abonnentar. 140 l dunk henting kva 10 . veke. Så de treng ikkje å ha langt debatt på om de har ein startegi som er framtidsretta!
2.	30. november 2016	Are Urke	<ul style="list-style-type: none"> - Er i mot henting av avfall kvar fjerde veke. Dette er eit dårlegare tilbod og vil gi auka bålbreining og forsøpling.
3.	30. november 2016	Torgeir Båtnes	<ul style="list-style-type: none"> - Gjenvinning er bra, ser positivt på at vi får nye dunkar for matavfall og glass/metall. Hentefrekvensen ser ok ut for desse, med hhv kvar andre og kvar åttande veke. - Kritisk til henting av øvrig restavfall kvar fjerde veke med omsyn til hygiene. Viser særleg til bleier. - Etterlyser eigen dunk for plastavfall.
4.	1. desember 2016	Christian Brandal	<ul style="list-style-type: none"> - Vil ikkje ha henting av matavfall kvar fjerde veke.
5.	1. desember 2016	Lene Sætre	<ul style="list-style-type: none"> - Vil ha henting av matavfall minst annakvar veke.
6.	1. desember 2016	Laurits Måseidvåg, Sula	<ul style="list-style-type: none"> - Har lite avfall, ser ikkje behov for ytterlegare sortering.
7.	2. desember 2016	Syklus Glass AS	<ul style="list-style-type: none"> - Glass og metall er materialer som kan gjevinnnes et uendelig antall ganger uten at kvaliteten forringes. Og siden disse materialene heller ikke har noen brennverdi har de selvsagt ingenting i et avfallsforbrenningsanlegg å gjøre. Glass som sendes inn i et forbrenningsanlegg kommer ut med bunnslaget og havner dermed på avfallshierarkiets laveste trinn, nemlig på deponi. - Syklus støtter derfor ÅRIMs planer om å etablere henteordning for glass- og

Innspel	Dato	Avsendar	Kommentarar
			<p>metallemballasje. Slik kan enda mer av disse fraksjonene gjenvinnes til nye produkter, uten å gå en kostbar, unødvendig og helt unyttig tur innom et forbrenningsanlegg. Det er riktig at stål kan gjenvinnes fra forbrenningsslagget og prisverdig at Ålesund kommune vil har satset på slik gjenvinning for å få mer materiale inn i kretsløpet igjen. Men aluminium – det materiale der gjenvinning gir den største miljøgevinsten i forhold til jomfruelig produksjon – har et smeltepunkt på bare 660 grader og det aller meste av materialet går tapt eller forringes i forbrenningsovnene. Kildesortering er derfor den riktige løsningen også for metallemballasjen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - EU har signalisert høye ambisjoner for materialgjenvinning i framtida. Den beste måten å oppfylle disse på er ved å etablere gode og publikumsvennlige kildesorteringssystemer. Det er ikke framtidas løsning å putte alt mulig inn i samme åpning og tro at man får mye verdifullt ut. Ved å samle inn rene fraksjoner unngås kostbare operasjoner til utsortering i ettertid. Energiutnyttelse har sin naturlige plass også i framtidas avfallshåndtering. Men det som puttes inn i forbrenningsovnene bør være sortert og brennbart restavfall – altså det som blir igjen etter at det som er mulig å materialgjenvinne er tatt ut.
8.	3. desember 2016	Ida Rødningsby, Sula	<ul style="list-style-type: none"> - Er det vurdert ei løysing med bruk av pose til matavfall, innsamling saman med restavfallet og ettersortering? - Vil det vere mogleg å kjøpe tilbake matjord?
9.	3. desember 2016	Jan Aaland	<ul style="list-style-type: none"> - Er i mot henting av avfall kvar fjerde veke. Dette vil gi auka forureining og meir skadedyr.

Innspel	Dato	Avsendar	Kommentarar
10.	19. desember 2016	Nils Inge Nybø	<ul style="list-style-type: none"> - Ikkje alle eigedommar har like god plass til fleire dunkar. Dette vil ikkje fungere for alle.
11.	7. januar 2017	Lars Sigmund Kleive	<ul style="list-style-type: none"> - Sortering og innsamling av matavfall vil gi meir bilkøyring og meir miljøforureinande avfall som må deponerast.
12.	9. januar 2017	Jan Olav Vadseth, Vestnes	<ul style="list-style-type: none"> - Ønskjer innført tømmeregistrering og betaling ut frå leverte mengder avfall.
13.	19. februar 2017	Norsk Industri	<ul style="list-style-type: none"> - Kjeldesortering av matavfall er viktig tiltak for å oppfylle mål om materialgjenvinning av hushaldsavfallet. - Gode offentlege innkjøp er viktige for å nå miljømål; strategien bør innehalde tiltak på feltet. - ÅRIM må vurdere kjøp i marknaden som alternativ til å etablere egne anlegg for behandling av avfall. - ÅRIM sitt arbeid med næringsavfall bør for å sikre like konkurransevilkår drivast i eige aksjeselskap, juridisk og eigarmessig fråkopla ÅRIM.
14.	20. februar 2017	Tafjord Kraftvarme AS	<ul style="list-style-type: none"> - ÅRIM sin strategi må ta meir omsyn til framtida sin avfallsmarknad. Strategiforslaget tek ikkje omsyn til at mengda med matavfall skal halverast innan 2030. - ÅRIM sin strategi må bygge vidare på dei gode løysingane som er i regionen. - Det er ikkje nevnt noko om nye teknologiar som vil kome i avfallsbransjen framover, t.d. elektriske renovasjonsbilar. - Kostnadane ved innføring av nye tiltak må kvalitetssikrast. - Det må gjerast ei evaluering av ringverknadene til foreslåtte tiltak. F.eks: Kva vil skje med gjenvinningsgraden av tekstilar dersom returpunkta for glas og metall blir lagde ned?

Innspel	Dato	Avsender	Kommentarar
			<ul style="list-style-type: none"> - Stiller spørsmål ved korleis dagens gjenvinningsgrad på 31 % er rekna ut. - Stiller spørsmål ved klimanytten av og kostnadene ved biogassbehandling av matavfall. - Glas- og metallemballasje medfører ikkje driftsproblem i anlegget på Grautneset. - Etterlyser tiltak for reduksjon av matavfall i strategien. - Etterlyser fokus på avfallsreduksjon i haldningsskapande arbeid mot barn og unge.
15.	20. februar 2017	Møre og Romsdal fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> - Ut frå eit forureiningsperspektiv er det ingen tvil om at det er viktig å få matavfall og anna organisk materiale ut av forbrenningssystemet og over til "material" gjenvinning. Ut frå dette støttar vi framlegget til strategi og har ikkje vesentlege merknader på andre punkt.

Alle uttaler er tilgjengelege i fulltekst på <http://arim.no/ny-avfallsordning/h%C3%B8yringsuttaler-til-%C3%A5rim>.

ÅRIM har også delteke på debattmøte på Terminalen i Ålesund og på Kommunehuset i Skodje der strategi for ÅRIM var tema. Arrangørar var lokale politiske parti. I tillegg er strategien presentert på møte i regi av Pensjonistuniversitetet i Ålesund og Naturvernforbundet i Ålesund og omegn.

Kommentarar til dei enkelte tiltaka i strategien

Tiltak 1: Innføre henteordning for matavfall

Dei fleste av kommentarane i høyringa gjeld dette tiltaket.

Konkret ønskjer ÅRIM å innføre henteordning av matavfall i form av at det blir sett ut ein eigen dunk for matavfall og at denne blir henta annakvar veke. I og med at det totalt sett ikkje skal samlast inn meir avfall, blir det lagt opp til å redusere hentinga av restavfall til annakvar veke for å unngå meir transportarbeid enn i dag.



SKISSE OVER NYTT RENOVASJONSTILBOD I ÅLESUNDREGIONEN

Det er ein klår føresetnad for å kunne nå nasjonale og lokale mål om auka gjenvinning at matavfallet blir kjeldesortert i Ålesundregionen. ÅRIM har i høyringsprosessen framheva at 70 prosent av innbyggjarane i Noreg no bur i ein kommune med kjeldesortering av matavfall. Det pågår no forpliktande prosessar i dei andre store kommunane som ikkje allereie har innført slik kjeldesortering. Med den foreslåtte løysinga vil innbyggjarane frå Gloppen i sør til Gjemnes i nord i 2020 ha relativt like kjeldesorteringsløysingar.

I januar 2017 la Miljødirektoratet fram [si vurdering av virkemiddel for auka utsortering og materialgjenvinning av våtorganisk avfall](#) (matavfall) og plastavfall. I si innstilling til Klima- og miljødepartementet skriv Miljødirektoratet: «Vi mener at de mest styringseffektive virkemidlene er å forskriftsfeste krav om utsortering og material-gjenvinning av våtorganisk avfall og utvalgte typer plastavfall. Kravene bør rettes mot alle kommuner som innsamlere av husholdningsavfall og alle virksomheter som genererer og håndterer næringsavfall som likner husholdningsavfall».

Eit fleirtal av eigarkommunane, samt Møre og Romsdal fylkeskommune, Norsk Industri, NOMIL – Nordfjord Miljøverk IKS og Torgeir Båtnes– støttar forslaget om å innføre kjeldesortering av matavfall.

Dei fleste innspela frå *privatpersonar*, knytter seg til hentefrekvens for restavfall og matavfall og til spørsmål om å bruke felles dunk med ettersortering av poser med matavfall. ÅRIM har i arbeidet med strategi for ÅRIM vurdert både sjeldnare henting av restavfall (kvar fjerde veke) og bruk av posesortering for matavfall. Dei vurderingane som er gjort tilseier at den løysinga som blir foreslått er den som vil gi best resultat for Ålesundregionen.

Dei som er negative til å innføre kjeldesortering av matavfall, er Haram kommune, Vestnes kommune, Norddal kommune og Tafjord Kraftvarme samt to privatpersonar.

Haram kommune ønskjer å avvente etablering av lokalt behandlingsanlegg for matavfall før utsortering blir innført. ÅRIM er det største interkommunale renovasjonsselskapet i regionen, og representerer dermed den største mengden tilgjengeleg matavfall. Signala frå dei utgreiingane som er gjennomførte om etablering av regionale behandlingsanlegg for matavfall, er at dersom ÅRIM ikkje startar utsortering av matavfall, er det ingen aktørar som kan ta risikoen ved å etablere eit slikt anlegg. ÅRIM vurderer difor eit vedtak om å starte kjeldesortering av mat i Ålesundregionen som ein av føresetnadene for at det skal vere mogleg å etablere eit regionalt behandlingsanlegg for matavfall. Samstundes ser ÅRIM det ikkje som ein føresetnad at det blir etablert noko fullverdige lokalt behandlingsanlegg for matavfall. I gjenvinningsindustrien skjer det no ei omfattande teknologiutvikling innan behandling av matavfall, der ei desentralisering av ulike ledd i verdikjeden er i ferd med å bli vanlegare.

Vestnes kommune ønskjer å vente med å innføre utsortering av matavfall til det ligg føre eit nasjonalt pålegg om slik utsortering. ÅRIM ser to utfordringar med dette:

- 1) **Miljømessig:** Det vil ikkje vere mogleg for Ålesundregionen å nå målet om 50 % til materialgjenvinning og gjenbruk innan 2020 dersom kjeldesortering av matavfall blir utsatt. Det er brei semje om at det er miljømessig bra å nå dette målet, jf. også fråsegn frå *Norsk Industri* og frå *Møre og Romsdal fylkeskommune*.
- 2) **Praktisk / økonomisk:** Gjeldande renovasjonskontrakt mellom ÅRIM og RenoNorden AS går ut i oktober 2019. I nordisk samanheng er innsamling av hushaldsavfall i Ålesundregionen ein stor renovasjonskontrakt, med ei årleg kostnadsramme på om lag 30 MNOK og samla kontraktsverdi på om lag 200 MNOK. Det er viktig at grunnlagsarbeidet med ny renovasjonskontrakt for perioden 2019 – 2026 er på plass slik at ny kontrakt kan inngåast seinast i tredje kvartal 2018. Dersom ÅRIM skal ta høgde i ny kontrakt for å gjere vesentlege endringar i renovasjonsordninga, vil dette både juridisk, økonomisk og praktisk medføre store utfordringar. ÅRIM vil åtvare mot ein slik framgangsmåte.

Norddal kommune er kritiske til kostnadsauken innføring av kjeldesortering av matavfall kan medføre. ÅRIM meiner det framlagde forslaget til revidert budsjett og økonomiplan for perioden 2017 – 2020 viser at gjennomføring av strategien har akseptable kostnader.

Tafjord Kraftvarme AS (TK) er kritiske til om gjenvinning av matavfall er nødvendig for å nå målet om 50 % materialgjenvinning og gjenbruk i 2020. Når det gjeld TK sin kritikk av sjølve talgrunnlaget i strategien er dette kommentert seinare.

TK peikar i si fråsegn også på at Bergen kommune, med sine 280 000 innbyggjarar, er ein av kommunane som ikkje har henteordning for matavfall. ÅRIM vil peike på at Bergen og omlandskommunane er deltakarar i det interkommunale renovasjonsselskapet BIR. I forslag til strategi for BIR er det lagt opp til å greie ut henteordning for matavfall i 2019. Bystyret i Bergen har i april 2016 [bede BIR om å framskynde denne utgreiinga](#) til 2017.

Tiltak 2: Innføre henteordning for glas- og metallemballasje

ÅRIM ser det som hensiktsmessig å kombinere utsetting av dunkar for matavfall og røde boksar for miljøfarleg avfall med å dele ut ein eigen dunk til oppsamling av glas- og metallemballasje. Ei slik henteordning er under innføring på resten av Nordvestlandet, røyntslene så langt er at tilbodet er svært populært. Dagens bringeordning i ÅRIM har to vesentlege ulemper:

- 1) Returpunkta er utsatt for forsøpling. ÅRIM brukar større ressursar på å halde returpunkta ryddige enn på tømning av glas- og metallemballasje (som er avfall med ein positiv verdi).
- 2) Oppslutninga om ordninga er mangelfull; avfallsanalyser viser at vi finn om lag like mykje glas- og metallemballasje i restavfallet som vi får samla inn på returpunkta.

Det er særleg metallemballasjen

(som har høgast miljønytte å gjenvinne) som havnar i restavfallet.



Eit fleirtal av eigarkommunane, samt Nomil og Syklus Glass AS – støttar forslaget om å innføre henteordning for glas- og metallemballasje.

Vestnes kommune meiner ei henteordning ikkje bør innførast før ei henteordning for matavfall blir innført, dette av kostnadshensyn. ÅRIM er samd i at det er hensiktsmessig å kombinere utdeling av fleire dunkar i ein operasjon, både praktisk, økonomisk og av omsyn til kundane.

I utkastet til strategi for ÅRIM står det at glas- og metallemballasje medfører driftsproblem i energigjennvinningsanlegg, dette er basert på innspel frå andre landsdelar. *Tafjord Kraftvarme AS* peiker på at det for anlegget på Grautneset ikkje er driftsproblem grunna glas- og metallemballasje. TK spør vidare kva som vil skje med gjenvinningsgraden av tekstilar dersom returpunkta for glas og metall blir lagde ned. ÅRIM vil peike på at auka gjenbruk av tekstil får stadig større oppslutning i samfunnet. Det er ikkje rapportert om redusert interesse for dette frå dei renovasjonsselskapa som har innført henteordningar for glas- og metallemballasje.

Ålesund kommune støtter forslaget om å innføre ei henteordning for glas- og metallemballasje. Rådmannen i Ålesund har i si innstilling uttalt at kjeldesortering av glas- og metallemballasje gir mykje forureining i form av feilsortering og matrester. ÅRIM har ein avtale med Syklus Glass AS om levering av kjeldesortert glas- og metallemballasje. I denne avtalen er det kvalitetskrav til levert materiale. ÅRIM har ikkje fått avvik frå kvalitetskrava i 2015 eller 2016.

Rådmannen hevdar i sitt saksframlegg vidare at «Askeresten etter forbrenning er på 20 %, dvs. 39 kg, som materialgjenvinnes 100 % ved at metallet tas ut og gjenbrukes og resten brukes til vegbygging o.a. inne på Bingsa-anlegget samt i avslutning av gamle deponi. EU er i ferd med å legge føringer for materialgjenvinning av bunnaske.»

Avfall Norge uttaler i ei fråsegn til ÅRIM følgjande om botnaske: «i revideringen av avfallsdirektivet i EU (og her hjemme) arbeides det for at materialgjenvinning av metaller fra bunnaske skal telle mot materialgjenvinningsmålet. Anvendelsen av mineralfraksjonen i bunnaske til vegformål oa inne på deponier teller ikke som materialgjenvinning p.t, selv om den utvilsomt erstatter bruk av andre overdekkingsmaterialer.» Fråsegna frå Avfall Norge er i samsvar med endringsforslag 28 til rammedirektivet for avfall, som blei vedteke av Europaparlamentet 14. mars 2017.

I hushaldsavfallet frå ÅRIM er det, ut frå gjennomførte avfallsanalysar, truleg om lag 4 – 5 kg metall som ikkje er emballasje per innbyggjar per år. Den årlege auken i materialgjenvinning for ÅRIM etter at askesorteringsanlegget er sett i drift, vil altså vere opp mot 500 tonn. Innføring av henteordning for glas- og metallemballasje gir om lag same auke i materialgjenvinning. Den samla effekten ved å gjennomføre strategien dermed vere opp mot 1000 tonn årleg, eller nesten 10 kg per innbyggjar.

ÅRIM har sett nærare på påstanden frå rådmannen i Ålesund om at metallet i glas- og metallemballasje blir gjenvunne i eit askesorteringsanlegg. Gjenvinning av aluminium frå botnaske er mogleg. Internasjonal forskning på området viser imidlertid at det er eit betydeleg tap i mengdene det er mogleg å gjenvinne. Dette skuldast fleire faktorar:

- Noko aluminium reagerer med nitrogen i lufta i forbrenningsprosessen og dannar aluminiumnitrid som går til utslepp (flygeaske).
- Ein del aluminium oksiderer i forbrenningsprosessen og dannar aluminiumoksid (alumina). Dette er særleg ei utfordring for aluminiumsemballasje, mykje av denne er svært tynn og oksidasjonen er ein overflateprosess. Det er anslått at så mykje som 1/3 av aluminiumen i boksar oksiderer i forbrenningsprosessen; meir i film og brett. Det er mogleg å gjenvinne alumina (det er råstoffet i primærproduksjon), men dette er ein svært energikrevjande prosess.
- Aluminium smeltar ved 650 °C (forbrenningstemperaturen er om lag 900 °C), ein stor del av aluminiumet vil finnast att i botnaska i små partiklar samansett av fleire ulike materialar. Det er krevjande å utvinne metallet frå desse partiklane.

Sjølv med avansert prosessering er det vanskeleg å gjenvinne meir enn halvparten av aluminiumen som blir tilført ein forbrenningsprosess. For magnetiske metall er gjenvinningsgraden høgare.

Tiltak 3: Finne behandlingssløysing for matavfall

Når det blir innført eiga henteordning for matavfall, oppstår ein avfallstype som ÅRIM ikkje har behandlingssløysing for i dag. Det finst heller ingen godkjend materialgjenvinningsløysing for matavfall på Nordvestlandet. Dei renovasjonsselskapa og kommunane som har eiga henteordning for matavfall i dag, har konkurranseutsett behandlinga. Før oppstart av henteordning, vil også ÅRIM måtte konkurranseutsette materialgjenvinning av matavfall. I ein slik konkurranse vil ÅRIM ha høve til å stille miljøkrav både til transport og behandling.

Volda Ørsta Reinhaldsverk (VØR) har i 2016 fått utført ein [forstudie om vurdering av etablering av biogassanlegg på Melsgjerdet](#) i Ørsta. ÅRIM vil delta i det vidare arbeidet med å greie ut dette. Biogass Møre AS er ein privat aktør som vurderer etablering av biogassanlegg i Ålesundregionen. ÅRIM har hatt og vil halde fram med å ha dialog Biogass Møre AS.

Eit fleirtal av eigarkommunane støttar ÅRIM sitt arbeid med å finne behandlingssløysing for matavfall.

ÅRIM vil kommentere ein påstand i [Norrdal kommune si fråsegn](#):

«Dersom ÅRIM bestemmer seg for å skilje ut matavfall, vil det bli behov for å etablere regionale anlegg for behandling av våtorganisk avfall. Det vil vere nok eit kostnadsdrivande tiltak som kan må betalast med høgare gebyr.»

ÅRIM vil streke under at det ikkje ligg noko føring om etablering av eit regionalt behandlingssanlegg for våtorganisk avfall i strategien. I den grad ÅRIM skal delta i etableringa av eit slikt anlegg, er dette noko eigarkommunane vil få høve til å ta særskilt stilling til.

Ålesund kommune er positive til tiltaket. Rådmannen skriv imidlertid i sitt saksframlegg: «*Det er omdiskutert hvorvidt bioest fra matavfall er attraktivt som jordforbedringsprodukt pga innhold av mikroplast og miljøgifter.*»

Dette er ein påstand ÅRIM ikkje kjenner seg igjen i. Tvert imot ser vi at bioest blir sett på som ein viktig ressurs å utnytte meir av. Bruk av bioest er regulert i gjødselvereforskriften. Her er det grenseverdier for ulike uønska stoffer. I [bioøkonomistrategien til Regjeringa](#), lansert i desember 2016, er eit av dei prioriterte tiltaka å auke bruken av bioest; dette er formulert slik:

- Revidere gjødselvereforskriften, og legge til rette for økt bruk av organisk gjødsel/slam, inklusive regulering av deponering, lagring og spredning

Miljødirektoratet presenterte i desember 2016 også [ei tiltaksvurdering mot mikroplast](#). Her er det tatt utgangspunkt i den kunnskapen som finst om dei ulike kjeldene. Avløpsvatn er her identifisert som ei kjelde; matavfall er det ikkje. Bioest frå matavfall er ei verdifull kjelde til næringsstoff i økologisk landbruk. I rapporten «[Bruk av råtnest i økologisk landbruk](#)», utarbeidd av Bioforsk i 2015 blir det vist til at omfanget av mikroplast truleg er lite, men at det kan forekomme.

Rådmannen i Ålesund kommune uttaler seg også om biogass:

Regjeringen har gitt Miljødirektoratet i oppgave å vurdere pålegg til kommunene om gjenvinning av matavfall. Ålesund kommune er enig i at matavfallet skal gjenvinnes. Dette gjøres i dag gjennom energigjenvinning hos TKV. Hverken utvinning av energi gjennom forbrenning eller produksjon av biogass er å regne som materialgjenvinning, og kan dermed ikke regnes inn i nasjonale mål for materialgjenvinning. Biogassanlegg for avfall har ifølge Avfall Norge en biologisk rest på typisk 50 % i forhold til tilført biologisk materiale. Fullstendig anaerob nedbrytning vil gi en biorest på ca 10 %. Bioresten regnes i dag som materialgjenvinning, begrunnet i innholdet av næringsstoffene nitrogen og fosfor. I hele Europa forskes det på gjenvinning av fosfor. Tyske forbrenningsanlegg gjenvinner i dag fosfor fra bunnaske. Det er et kjent faktum at grunnstoff ikke forsvinner.


Etter ÅRIM si oppfatning blandar rådmannen i sitt saksframlegg saman energigjenvinning og materialgjenvinning. Avfall Norge uttaler: «Vedr gjenvinningsbegrepet: Det er ingen tvil om at biogass som behandlingsform for organisk avfall er materialgjenvinning, forutsatt at biogjødselen utnyttes. Norsk begrepsbruk om «gjenvinning» har her vært i utakt med EU og dette er derfor også nå klargjort i Endringer i forurensningsloven (om avfallsdefinisjoner m.m.) som ble vedtatt i høst (saksjonert i statsråd 9.12.).» Det er heller ikkje tvil om at dagens energiutnytting av matavfallet ikkje blir definert som materialgjenvinning, jf. artikkel 3 (17) i rammedirektivet for avfall.

Når det gjeld gjenvinning av fosfor frå botnaske, uttaler Avfall Norge på spørsmål frå ÅRIM: «Fosforgjenvinning fra aske er en mulighet på sikt for slam hvor det kan være bruksbegrensninger på bioresten. Dette vurderes noen steder i Europa hvor kvaliteten på biorest kan være dårligere enn i Norge. For matavfall er dette en lite aktuell teknologi siden biologisk prosess er å foretrekke.»


Norsk Industri rår i si fråsegn ÅRIM til å ta marknaden i bruk framfor å etablere eige anlegg for matavfall, her er det ein fungerande marknad. Kostnaden ved slike anlegg er stor og drift i eigenregi er neppe kostnadseffektiv for eigarkommunane. Som eit minimum meiner Norsk Industri bruk av marknaden bør greiast ut som eit alternativ til utnytting i eigenregi. ÅRIM er samd i at det må gjerast ei grundig vurdering av spørsmålet om eventuell bygging av biogassanlegg i regionen, der alternativet med fortsatt kjøp av behandlingstenester i marknaden også må vurderast.

Tafford Kraftvarme AS (TK) er kritiske til ÅRIM si vurdering av det er større klimanytte ved å materialgjenvinne matavfallet framfor å energiutnytte dette. TK viser her, som strategiutkastet, til ein figur frå ein rapport utarbeidd av Østfoldforskning i 2012, og stiller kritiske spørsmål til den modellen som her er nytta.

ÅRIM sine vurderingar av klimanytte baserer seg på fleire kjelder, det er m.a. utarbeidd ei vurdering av NTNU:



Østfoldforskning sin modell «BioValueChain» er ei viktig kjelde for vurdering av klimanytten av materialgjenvinning av matavfall. Dette er eit prosjekt finansiert av Norges forskningsråd og Landbruksdirektoratet for å utvikle ein miljømodell og ein økonomimodell for heile verdikjeda for produksjon av biogass og behandling av bioest. Figuren i strategiutkastet er frå fase II av prosjektet; i november 2016 blei fase IV-rapporten publisert. Denne siste rapporten er tilgjengeleg på <http://ostfoldforskning.no/no/publikasjoner/Publication/?id=1987>. Mange av dei kritiske merknadene til TK har blitt tatt til følge i den oppdaterte vurderinga, det er også kome til ny kunnskap som dokumenterer auka klimanytte. Ein oppdatert figur over klimanytten er også publisert:



REFERANSE A OG B REPRERENTERER ENERGIGJENVINNING, REFERANSE B ER EIT «IDEELT EKSEMPEL» PÅ ENERGIGJENVINNING DER ALL ENERGIGJENVINNING ERSTATTAR OLJEFYRING. SCENARIO A OG B ER EKSEMPEL PÅ BIOGASSPRODUKSJON DER BIOGASSEN GÅR TIL PRODUKSJON AV FJERNVARME ELLER ERSTATTAR OLJEFYRING. SCENARIO C VISER EIT BIOGASSANLEGG SOM BERRE PRODUSERER ELEKTRISITET OG GJØDSEL. SCENARIO D, E OG F ER ULIKE VARIANTAR AV «MODERNE» BIOGASSANLEGG DER BIOGASSEN BLIR RENSA OG NYTTA SOM DRIVSTOFF. KLIMANYTTEN FOR ÅRIM VIL BLI NOKO LÅGARE PÅ GRUNN AV MEIR TRANSPORT ENN MODELLEN LEGG OPP TIL.

Forskingsleiar Hanne Lerche Raadal i Østfoldforskning har sett på livsløpskonsekvensane av energi- eller materialgjenvinning av matavfall. Ho uttaler i ein epost til ÅRIM som ei forklaring til denne figuren:

Figur 6.1 og 6.2 i rapporten OR 34.16 frå Østfoldforskning viser fleire ulike scenario for behandling av matavfall. I scenariet «Referanse B» blir matavfallet brent og varmen erstattar oljefyring. Det er antatt ein verknadsgrad på 85 % og ein leveringsgrad på 75 %, dvs at 64 % av brennverdien i matavfallet erstattar varme frå oljefyring. Klimaresultatet for ein slik prosess blir litt betre enn om ein erstattar fjernvarmemiks, men biogassproduksjon er framleis mykje betre (fordelen med biogassproduksjon samanlikna med forbrenning som erstatting for olje blir redusert frå 280 til 240 kg CO₂-ekv/tonn matavfall). Ved biogassproduksjon kan ein få utnytta både energien (biogass) og næringsstoffa (biorest) frå avfallet, og dette er inkludert i berekninga. Om vi tar vekk klimagevinsten frå biorest (antar at denne ikkje blir utnytta), blir resultatet framleis i favør av biogass – med en forskjell på 100 kg CO₂-ekv/tonn matavfall.

Ytterlegare informasjon om [miljø- og klimanytten ved auka materialgjenvinning](#) er tilgjengeleg i eit eige notat på www.arim.no.

TK nemner i si fråsegn også fleire døme på at Oslo kommune sitt biogassanlegg ikkje fungerer tilfredsstillande. Som kjent er Oslo kommune sitt biogassanlegg i mars 2017 ikkje formelt overteke frå leverandør. Anlegget nyttar også ein annan teknologi enn dei som er

vurderte i Østfoldforskning sine rapportar. Etter ÅRIM si meining er det difor lite hensiktsmessig å nytte dette anlegget som referanse for dei løysingane ÅRIM foreslår.

TK peikar på at talgrunnlaget i strategidokumentet er basert på statistikk frå 2015 og meiner det må takast omsyn til at avfallsmengdene i framtida vil sjå annleis ut enn i 2015. Det er mellom anna eit FN-mål å redusere matsvinn. ÅRIM har gjort greie for dette i notatet «Framskrivning av avfallsmengdene i Ålesundregionen fram mot 2030» som er tilgjengeleg på www.arim.no.

TK er også kritiske til om biogass er framtidsretta, og viser til ei vurdering utført for Stavanger kommune. ÅRIM har utarbeidd eit notat om biogass og andre teknologiar som ligg på www.arim.no.

Dersom dei vurderingane som blir gjort tilseiar at det ikkje er grunnlag for å etablere eit biogassanlegg i regionen, må ÅRIM vurdere andre løysingar for forbehandling og transportoptimalisering. Her pågår det mykje teknologiutvikling og utprøving.

Tiltak 4: Ettersortering av restavfall for å utvinne fleire ressursar

Målsettingane til EU er minst like ambisiøse etter 2020 som no. ÅRIM må difor arbeide vidare med å identifisere nye tiltak som kan gi ytterlegare materialgjenvinning og gjenbruk. ÅRIM vil difor vurdere tiltak for å utvinne ressursar frå det avfallet som i dag blir levert som brennbart avfall på miljøstasjonane. I samarbeid med dei andre renovasjonsselskapa i Møre og Romsdal, har ÅRIM også drøfta etablering av eit sorteringsanlegg for ytterlegare sortering av innsamla restavfall.

I januar 2017 la Miljødirektoratet fram si vurdering av virkemiddel for auka utsortering og materialgjenvinning av våtorganisk avfall (matavfall) og plastavfall. I si innstilling til Klima- og miljødepartementet foreslår Miljødirektoratet m.a. følgjande tiltak for å auke materialgjenvinning av plast i Noreg: «Øke sentralsortering av restavfall fra husholdninger og virksomheter som genererer husholdningsliknende avfall til å omfatte alt restavfall som genereres innen 2030.» Miljødirektoratet skriv vidare følgjande om tiltaket: «For plastavfall mener vi det er grunn til å åpne for at kildesortering kan erstattes av sentralsortering av restavfall, dersom dette gjøres i et avansert sentralsorteringsanlegg med høy utsorteringsgrad. Denne tjenesten kan avfallsprodusent fritt velge å kjøpe innenlands eller i markedet utenfor Norge.»

Alle eigarkommunane støttar ÅRIM sitt arbeid med å vurdere etablering av eit ettersortering av restavfall. Rådmannen i Ålesund framhever at *Ålesund kommune* har investert i overkant av 100 MNOK i sorteringsanlegg for næringsavfall og grovavfall fra husholdning gjennom dei siste 5 - 10 åra, inkludert askesorteringsanlegg og sorteringshallar. I regi av Ålesund kommune og i samarbeid med Tafjord Kraftvarme AS blir det arbeidd kontinuerlig med nye materialgjenvinningsløyser. Rådmannen ser det som naturleg at eit sorteringsanlegg blir etablert i nær tilknytning til eksisterande anlegg og løyser. ÅRIM er samd i at dette bør vurderast.

Norsk Industri rår i si fråsegn ÅRIM til å ta marknaden i bruk framfor å etablere eige anlegg for ettersortering av restavfall. Kostnaden ved slike anlegg er stor og drift i eigenregi er neppe kostnadseffektiv for eigarkommunane. Som eit minimum meiner Norsk Industri bruk av marknaden bør greiast ut som eit alternativ til utnytting i eigenregi. ÅRIM er samd i at det må gjerast ei grundig vurdering av spørsmålet om eventuell bygging av eit ettersorteringsanlegg i regionen, der alternativet med kjøp av sorteringstenester i marknaden også må vurderast. I motsetning til for matavfall, eksisterer det i liten grad ein marknad for denne typen tenester i dag.

Tafjord Kraftvarme AS (TK) skriv i si fråsegn:

I strategiplanen, s. 8, står det også at «Utsortering av matavfall vil gjere det mogleg å auke gjenvinninga også av andre avfallstyper.», men det blir ikkje forklart nærare på kva måte. Vi saknar ei utdjuping av denne påstanden.

Miljødirektoratet skriv i si innstilling til Klima- og miljødepartementet følgjande: «For å oppnå høy utsorteringsgrad av plastavfall gjennom sentralsortering av restavfallet, er det en forutsetning at det våtorganiske avfallet i stor grad er sortert ut av restavfallet på forhånd».

Tiltak 5: Meir av avfallet må under bakken

Medan veg, vassforsyning og avløp er grunnleggjande faktorar ved planlegging av nye bustader, har avfallsløysingane vore eit tema som blir løyst etter at bustaden er teke i bruk. Dette fører til meir trafikkfarlege situasjonar, dyrare innsamlingsløysingar og mindre fleksibilitet ved innføring av nye kjeldesorteringstilbod. Bättre planlegging og auka bruk av moderne oppsamlingsløysingar, som avfallsbrønnar, kan løyse nokre av desse utfordringane.

ÅRIM har skissert tre tiltak som kan bidra til å framskynde denne utviklinga:

- 1) Ein felles renovasjonsteknisk norm som kan nyttast som planleggings- og prosjekteringsgrunnlag i framtidige plan- og byggjesaker i Ålesundregionen. Dette vil sikre at både utbyggarar og kommunane i større grad kan ta omsyn til avfallsløysingar i planlegginga av nye bustader.
- 2) Ei tilskotsordning for etablering av avfallsbrønnar i eksisterande busetnad.
- 3) Prosjektering og utbygging av meir framtdsretta avfallsinfrastruktur i eldre eksisterande bustadområde.

Alle eigarkommunane støttar ÅRIM sitt arbeid med å få på plass meir framtdsretta oppsamlings- og innsamlingsløysingar for avfall. Det er ingen høyringsinstanser som er negative til løysinga.

Rådmannen i *Ålesund kommune* viser til at bruk av renovasjonsgebyr til etablering av avfallsbrønnar må avklarast juridisk. ÅRIM har i mars 2017 innhenta ei vurdering frå KS Advokatene av dette spørsmålet. Her heiter det:

Når det gjelder dette konkrete tilfellet mener vi at det må være kurant å legge utført tilskudd på selvkostregnskapet. Det må være klart at innføring av nye løsninger der avfallet blir samlet opp under bakken og tømt maskinelt har flere samfunnsnyttige sider og det høyst forståelig at man ønsker å stimulere til en overgang der mer effektive renovasjonssystemer står sentralt. I denne sammenheng kan man nevne at allmennheten drar fordel av bedret arbeidsmiljø(maskinell tømning), mindre utslipp som følge av lavere tømingsfrekvens(pga større volum), mindre forsøpling ettersom det sjeldent vil være fullt, muligheten til å måle fyllingsgrad elektronisk, visuelt penere etc etc. Det er derfor, etter mitt syn, klart at allmennheten drar fordel av tiltaket og ikke bare den enkelte abonnent.

Vesentlig her er at tilskuddet må være å vurdere som en del av de kostnader kommunen har i tilknytning til innsamling av husholdningsavfall, jf forurensningslovens § 34, og at utgiften derfor kan dekkes over avfallsgebyret.

Slik vi ser det er det derfor greit å yte tilskudd til abonnenter som går til anskaffelse av nedgravde løsninger for deretter å kreve inn kostnaden til dette over avfallsgebyret. Som en generell anbefaling vil det være klokt å begrunne godt, ut i fra et allmenntilgjengelig og avfallsfaglig ståsted, hvorfor man ønsker å stimulere til en overgang med mer bruk av nedgravde løsninger.

Stranda kommune meiner ei løysing med avfallsbrønnar også kan nyttast i hyttefelt, medan *Vestnes kommune* meiner denne løysinga er best for tettbygde strôk. ÅRIM vil fortløpande vurdere bruk av avfallsbrønnar i hyttefelt, dette er nytta fleire stader i landet. Dette kan renovasjonsfagleg sett vere ei god løysing også enkelte stader i Ålesundregionen.

Tiltak 6: Etablering av tilbud om levering av produkt til gjenbruk på miljøstasjonane

Ein betydeleg del av det avfallet som blir levert inn på gjenvinningsstasjonar er produkt som framleis er brukbare. ÅRIM vil arbeide for at desse produkta i større grad kan nyttast på nytt, i staden for å ende som avfall. ÅRIM vil vurdere om selskapet kan leggje til rette for etablering av ei formidlingsordning også for andre materialer, t.d. byggevarer, anten i eigen regi eller i samarbeid med andre aktørar. Nye nettbaserte formidlingsmodellar opnar for nytenking på dette feltet.

Alle eigarkommunane støttar ÅRIM i dette. Det er ingen andre høyringsinstansar som er negative.

Stranda kommune peikar på at dersom ÅRIM skal drive meir aktiv bytte- og salstilbod i eigenregi må selskapet ha fokus på økonomi og vurdere nøye kvar slike butikkar skal etablerast og korleis logistikken vert lagt opp. ÅRIM støtter denne vurderinga. I utgangspunktet vil ÅRIM vere restriktive med å etablere denne typen tilbud i eigenregi.

Tiltak 7: Tiltak mot marin forsoypling

Marin forsoypling er eit alvorleg miljøproblem. Havet er fylt med store mengder plast, metall, trevirke, papir og tekstilar. Det er særleg plasten som er eit alvorleg miljøproblem; både plasten som fiskane trur er mat, og den som sjødyr og fugl blir vikla inn i. Den auka merksemda dette miljøproblemet har fått den siste tida, har gjort at det er etablert nasjonale tilskotsordningar for å bidra til opprydding. Dette gjer det mogleg for ÅRIM å hente og ta i mot marint avfall vederlagsfritt frå enkeltpersonar, lag og andre som rydder strender. Selskapet vurderer dessutan, i samarbeid med dei andre renovasjonsselskapa på Nordvestlandet og i Trøndelag, om det er mogleg å sette i verk fleire tiltak som kan bidra til mindre marin forsoypling.

Alle eigarkommunane er i utgangspunktet positive til tiltaka. Det er ingen andre høyringsinstanser som er negative.

Sula kommune uttaler at «Når det gjeld oppsamling og rydding i fjøra av organisasjoner o.l., må Årim gå breidt ut og informere om dette til alle slik at eigarkommunene får likt tilbod. Satsing på marin opprydding i stor målestokk ser vi ikkje på som ei av Årim sine oppgåver per i dag.» ÅRIM vurderer det slik at den satsinga selskapet legg opp til er i samsvar med Sula kommune sine ønskje.

Ålesund kommune ber ÅRIM samarbeide med eigarkommunane og andre aktørar som Sunnmøre Friluftsråd for å redusere marin forsoypling i nærområda. Eit slikt samarbeid er under etablering.

Stranda kommune og Ørskog kommune etterlyser også tiltak mot forsoypling utanfor strandsona. Her pågår det eit arbeid på nasjonalt plan med å vurdere finansieringsløyser. ÅRIM vil avvente desse vurderingane med å foreslå ytterlegare tiltak.

Tiltak 8: Informasjon om ny kjeldesorteringsløsning i ÅRIM

Å innføre ny kjeldesorteringsløsning gir ei langsiktig og omfattande kommunikasjonsoppgåve. Ny kjeldesorteringsordning vil krevje stor grad av handlekraft av organisasjonen, handlingsvilje hos eigarane og handlingsendring hos kundane. ÅRIM må difor vere godt førebudde når det gjeld kommunikasjon og vere tydeleg på mål, plan og hensikt. ÅRIM må kommunisere tydeleg og enkelt kva selskapet planlegg å gjere; kvifor, korleis, kostnader, miljøgevinst og framdrift.

Alle eigarkommunane er positive til tiltaket. Det er ingen andre høyringsinstanser som er negative.

Tiltak 9: Haldningsskapande arbeid, særleg mot barn og unge

Det å få dei yngste til å bli trygge på korleis avfallet skal behandlast, gir foreldre og besteforeldre motivasjon til å «skjerpe seg». ÅRIM vil arbeide for å utvikle eit opplæringsopplegg retta mot skular og barnehagar, og grupper som skal integrerast i samfunnet.

Eit fleirtal av eigarkommunane støttar forslaget.

Stordal kommune stiller eit spørsmål ved behovet for at ÅRIM skal bruke midlar til utarbeiding av opplæringsopplegg retta mot barn og unge. Ikkje fordi dette ikkje er viktig, men fordi kommunen meiner dette alt er tatt godt i vare gjennom læreplanar, lærebøker og undervisningsopplegg som alt finst. ÅRIM vil streke under at ÅRIM ikkje legg opp til å starte produksjon av lærebøker, her er det gode opplegg tilgjengelege allereie. Dei ressursane ÅRIM har skissert det ønskjeleg å nytte til dette tiltaket, knytter seg til den praktiske gjennomføringa.

Tafjord Kraftvarme AS framhever at avfallsreduksjon og arbeid mot matsvinn må vere sentralt i det haldningsskapande arbeidet til ÅRIM. ÅRIM støtter dette, og foreslår nokre justeringar i strategien.

Tiltak 10: Redusere dobbeltarbeidet

I utkastet til strategi er det identifisert ei rekke område der det i dag er dobbeltarbeid mellom ÅRIM og eigarkommunane:

- 1) ÅRIM har all kundekontakt, men i nokre høve kjem faktura frå ÅRIM, i nokre høve frå den enkelte kommunen.
- 2) Både ÅRIM og fleire av eigarkommunane forvaltar avtalar om behandling av avfall
- 3) Både ÅRIM og fleire av eigarkommunane har næringsverksemd innanfor avfallsfeltet.
- 4) Det er ei lang rekke ulike ordningar for renovasjon langs gater, i friområda og opprydding av marin forsøpling i dei tolv eigarkommunane, mange kommunale etatar og verksemdar er involverte.
- 5) Det finst nedlagde avfallsdeponi og ulovlege avfallsdeponi i alle eigarkommunane. Oppfølging av forureiningsaker og etterdrift er ulik, og eigarkommunane er i stor grad avhengig av konsulenttenester for å handtere sine plikter på feltet. Dette er eit område ÅRIM har kompetanse til å handtere.
- 6) Regjeringa har foreslått ei utviding av kommunane si plikt til å ha oversikt over vassforsyningsanlegg. Dette er informasjon det har stor verdi å kople til oversikta over kvar det er separate avløpsanlegg, ei oversikt ÅRIM vedlikehalder i dag.

Eigarkommunane har i liten grad kommentert dette tiltaket.

Stranda kommune er usamd med ÅRIM i omfang og kostnader som følgje av dobbeltarbeid. At kommunen sender ut faktura for renovasjon meiner Stranda kommune gir kommunen betre oversikt. Opprydding av avfall gir i dag synergjar med ved- og parkvedlikehald, noko også rådmannen i *Ålesund kommune* framhever i sitt saksframlegg.

Stranda kommune er også negative til å overføre fleire lovpålagde oppgåver, t.d. innan separat vassforsyning, til ÅRIM, ettersom dette gir ytterlegare sentralisering.

Ålesund kommune strekar under at det er nødvendig å arbeide vidare i dialog mellom ÅRIM og eigarkommunane for å redusere dobbeltarbeid og effektivisere avfallshandteringa i kommunane. Dette omfattar m.a. tilhøvet til handtering av næringsavfall.

Rådmannen i *Ålesund kommune* peiker vidare på at kommunen har legalpant som sikrar krav om abonnementsgebyr. Handheving av denne legalpanten kan ikkje overførast til interkommunale selskap. ÅRIM vil nemne at mange interkommunale renovasjonselskap (også ÅRIM) krevjer inn renovasjons- og slamgebyr direkte frå abonnentane, og at spørsmålet om legalpant i slike høve er løyst tilfredsstillande.

Det er ingen andre høyringsinstanser som har kommentert tiltaket.

Kommentarar til hovudsatsingsområda i strategien

Hovudsatsingsområde 1: Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk – ny kjeldesorteringsløyising for ÅRIM

Taffjord Kraftvarme AS (TK) er kritiske til om gjenvinning av matavfall er nødvendig for å nå målet om 50 % materialgjenvinning og gjenbruk i 2020. I fråsegna presenterer TK eit alternativt reknestykke for korleis ÅRIM skal nå gjenvinningsgraden.

For det første meiner TK at ÅRIM har nytta feil grunnlag for utrekning av gjenvinningsgraden for hushaldsavfall i 2015:

I følgje «Grunnlagsdokument 3», avsnitt 4, er den totale avfallsmengda frå hushald i ÅRIM 39.500 tonn. Dette blir 383 kg per innbyggjar. Taffjord Kraftvarme meiner at dette talet er berekna for høgt. ÅRIM leverer 20.000 tonn årleg til energigjenvinning på Grautneset. I tillegg får vi inn 4.500 tonn til energigjenvinning frå miljøstasjonane via Bingsa. Då står det att 15.000 tonn. For å få eit slikt volum må det ligge til grunn at kvart hushald i regionen bruker heile kvoten i miljøstasjonkortet frå ÅRIM.

ÅRIM sitt miljøstasjonkort gir kvart hushald ei mengd på 600 kg avfall som fritt kan leverast til ein miljøstasjon då dette er inkludert i avfallsgebyret. Vår erfaring er at svært få hushald bruker heile denne kvoten. Det blir difor ikkje korrekt å inkludere heile denne kvoten for alle hushald i regionen.

ÅRIM vil peike på at grunnlagsdokument 3 gir ei utfyllande oversikt over dei faktiske mengdene hushaldsavfall innbyggjarane i Ålesundregionen leverte i 2015 (avrunda til næraste tonn og kg):

	Tonn hushaldsavfall	Kg per innbyggjar	Disponering
<i>Avfall frå innsamlingsordningane</i>	23 793	230	
Papir og papp	4 192	41	Materialgjenvinning
Plastemballasje	488	5	Materialgjenvinning
Restavfall	19 113	185	Energiutnytting
<i>Avfall frå returpunkt</i>	1 475	14	
Glas- og metallemballasje	975	9	Materialgjenvinning
Klede til ombruk	500	5	Gjenbruk
<i>Avfall frå gjenvinningsstasjonar</i>	14 257	138	
Avfall til deponi	1 584	12	Deponi
Brennbart avfall	3 102	30	Energiutnytting

	Tonn hushaldsavfall	Kg per innbyggjar	Disponering
EE-avfall	743	7	Anna
Plast	65	1	Materialgjenvinning
Hageavfall	2 633	26	Materialgjenvinning
Metall	1 255	12	Materialgjenvinning
Trevirke	3 767	37	Energiutnytting
Papp	288	3	Materialgjenvinning
Dekk	50	0	Materialgjenvinning
Farleg avfall	1 117	11	Anna
Produkt til gjenbruk	2	0	Gjenbruk
TOTALT	39 526	383	
<i>Til gjenbruk</i>	<i>503</i>	<i>5</i>	<i>1 %</i>
<i>Til materialgjenvinning</i>	<i>9 945</i>	<i>96</i>	<i>25 %</i>
<i>Anna (farleg avfall og EE-avfall)</i>	<i>1 860</i>	<i>18</i>	<i>5 %</i>
<i>Til energiutnytting</i>	<i>25 982</i>	<i>252</i>	<i>66 %</i>
<i>Til deponi</i>	<i>1 235</i>	<i>12</i>	<i>3 %</i>

Fordelt på abonnentar ser vi at kvar hushaldsabonnt i snitt leverte 403 kg avfall til gjenvinningsstasjonane i 2015. Det er dette talet som er lagt til grunn for strategiarbeidet, ikkje det teoretiske potensialet kvar enkelt abonnent har høve til å levere.

TK meiner også at ein gjenvinningsgrad på 50 % kan oppfyllest med eksisterande tiltak:

I «Grunnlagsdokument 3», avsnitt 4.2, blir det vist til at 31 % av avfallet frå innbyggjarane i Ålesundregionen gjekk til materialgjenvinning og gjenbruk. Dette er ein prosentdel som baserer seg på ei årleg avfallsmengd per person på 383 kg. Dersom vi anslår at kvart hushald i snitt bruker 300 kg av kvoten i miljøstasjonkortet, vil årleg avfallsmengd per innbyggjar bli 308 kg. Gjenvinningsgraden per innbyggjar blir då 38 % (119kg / 308kg), som er det same som landsgjennomsnittet og betre enn snittet i Møre og Romsdal.

Ålesund kommune, Bingsa, materialgjenvinn metall frå slagget etter energigjenvinning. Dette vil også telje med i materialgjenvinningsrekneskapan til ÅRIM. Dersom desse tala blir tekne med, vil ein få eit enda høgare tal for

gjenvinningsgraden i Ålesundregionen. Då begynner Ålesundsregionen alt i dag å nærme seg EU-målet for 2020 om 50 % gjenvinning.

ÅRIM leverer 20.000 tonn avfall til energigjenvinning på Grautneset. Askeresten etter energigjenvinning er 20 % av dette. Med metallgjenvinningsanlegget i Bingsa blir metallet i bunnaska materialgjenvunne. Gjenverande aske blir brukt til vegbygging og anna anleggsarbeid. Då er det yttarlegare 39 kg pr. innbyggjar, som blir materialgjenvunne. Totalt blir dette 158 kg (119 kg + 39 kg) til materialgjenvinning og gjenbruk. Gjenvinningsgraden er då totalt oppe i 51 % (158 kg / 308 kg). Då er målet for 2020 alt nådd.

TK sine utrekningar av gjenvinningsgrad kan ikkje nyttast som grunnlag for ÅRIM.

Som vist over, er første premiss feil. Avfallsmengen per innbyggjar er 383 kg, ikkje 300 kg. Det vil difor vere nødvendig å sortere ut om lag ytterlegare 7 500 tonn, eller om lag 75 kg avfall per innbyggjar for å nå målet for 2020. I notatet «ÅRIM – potensial for auke av mengdene avfall til materialgjenvinning og gjenbruk fram mot 2020» som er tilgjengeleg på www.arim.no, er det gjort greie for korleis dette kan forventast nådd.

I 2015 var det ikkje etablert gjenvinning av metall frå botnaske, det er ei målsetting at dette kjem i drift i 2017. Etter gjeldande reglar blir utvinning av metall frå botnaske ikkje rekna som materialgjenvinning. Både Kommisjonen og EU-parlamentet har i 2017 imidlertid teke til orde for å la dette inngå i vurderinga av gjenvinningsgrad. Bruk av aske til vegbygging er definert som «tilbakefylling» i juridisk forstand. Både Kommisjonen og EU-parlamentet har avvist å la tilbakefylling inngå i vurderinga av gjenvinningsgrad for hushaldsavfall, slik at det ikkje vil vere høve for ÅRIM til å ta med dette i vurderinga.

Hovudsatsingsområde 2: Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø

Det er brei støtte til hovudsatsingsområdet i høyringa.

Hovudsatsingsområde 3: Mindre avfall – meir til gjenbruk

Både *Stordal kommune* og *Tafjord Kraftvarme AS* peiker på at det er viktig å gjennomføre tiltak som kan gi redusert matkasting og etterlyser dette i strategi for ÅRIM. Stordal kommune oppmoder ÅRIM til å vurdere om der er initiativ selskapet kan ta overfor aktuelle aktørar, tiltak som kan bidra til at mengda mat som vert til avfall kan bli redusert.

Hovudsatsingsområde 4: Betre kommunikasjon

Rådmannen i *Ålesund kommune* ønskjer at kommunikasjonen med eigarkommunane sine verksemdar innan avfall og slambehandling bør bli betre. ÅRIM har omtalt spørsmål om eigarstyring i grunnlagsdokument 1 til høyringsutkastet. Her heiter det m.a.: «ÅRIM som selskap må aktivt leggje til rette for god eigarstyring. Det er viktig for selskapet å synleggjere dei retningsvala selskapet ønskjer å ta, og å involvere eigarane i desse avgjerdene.»

Hovudsatsingsområdeområde 5: Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon

Fleire av høyringsinstansane tek opp tema dei meiner burde vore vurdert i strategien.

Sula kommune ønskjer at ÅRIM går i dialog med dei andre regionale interkommunale renovasjonsselskapa som VØR og SSR, med sikte på å etablere eit større regionalt renovasjonssamarbeid. Det vil gjere det enklare å etablere regionale løysingar for sortering og materialgjenvinning samtidig som ein bidreg til lokale arbeidsplassar og verdiskaping. ÅRIM støtter innspelet og har justert teksten i hovudsatsingsområdet.

Norsk Industri framhever offentlege innkjøp som eit godt verktøy til å stimulere til næringsutvikling og innovasjon, og meiner strategien bør innehalde tiltak på dette feltet. Her bør kriterier som ressursutnytting av avfall og miljøtilpassa innsamlingsløysingar nemnast.

Taffjord Kraftvarme AS peiker i si fråsegn på at det ikkje nevnt noko om nye teknologiar som vil kome i avfallsbransjen framover, t.d. elektriske renovasjonsbilar, i strategien. ÅRIM vil gjennomføre ei vurdering av bruk av elektriske renovasjonsbilar i samband med vurdering av krav til nye renovasjonskontraktar frå 2019.

Norsk Industri tek opp spørsmålet om næringsverksemd i regi av ÅRIM, og meiner dette er verksemd som bør utførast i eit eige selskap. Rådmannen i *Ålesund kommune* er kritisk til at ÅRIM skal opprette slikt selskap. ÅRIM har omtalt nokre av desse utfordringane under kapitlet «Val av struktur for å utføre tenester» i grunnlagsdokument 1 til høyringsutkastet. Her blir det vist til nokre sentrale pågåande prosesser, m.a. varsla endringar i lov om interkommunale selskap. ÅRIM vil kontinuerleg vurdere kva løysingar og kva organisering som er mest optimal for å få utført dei oppgåvene selskapet er pålagt å løyse.

Ein privatperson ønskjer at ÅRIM skal innføre elektronisk tømmerregistrering og betaling ut frå leverte mengder avfall. Dette er tiltak selskapet har vurdert i strategiarbeidet. Førebels vurderer ÅRIM at innføring av elektronisk tømmerregistrering med kopling til renovasjonsgebyr ikkje vil vere kostnadseffektivt; selskapet vurderer dette slik at det er enklare løysingar som vil gi mykje av den same nytten. Dette vil bli vurdert på nytt ved framtidige revisjonar av strategien.